

ANSVARLEG LÅNEAVTALE

MELLOM

OPPLÆRINGSFARTØY AS (Låntakar)

(Org.nr 984368879)

OG

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE (Långjevar)

1. Lånesum og prioritet

Ansvarleg lån mellom Låntakar og Långjevar er:

NOK 1.000.000,-

Lånet har prioritet framom selskapet sin aksjekapital, men lånet står tilbake for andre fordringar på selskapet. Dette gjeld både ved dekning av tap i den laupande drift og ved likvidasjon av Låntakar.

Låntakar er ikkje forplikta til å stille sikkerheit for lånet.

2. Forfall , renter og avdrag

Lånet skal vera rente- og avdragsfritt i perioden fram til 31. august 2016. Dersom låntakar og långjevar innan denne dato ikkje er einige om ei lenging av låneavtalen til reforhandla vilkår, forfell heile lånet til betaling den 31. august 2016.

3. Andre vilkår

Lånet skal vera heilt innfridd før det kan betalast utbytte eller annan avkastning til eigarane. Låntakar skal ikkje söke å forsere nedbetaling av annan lånegjeld i perioden fram til 31.08.2016.

4. Lik handsaming

Ved eventuelt fleire ansvarlege lån i selskapet skal Långjevarane handsamast likt ved innfriing av lån, rentebetaling med meir. Dersom låntakar ikkje oppfyller dette vilkår, kan Långjevar seie opp lånet heilt eller delvis med 14 dagars varsel.

5. Overdraging

Kreditorposisjonen etter lånet kan ikkje overdragast heilt eller delvis til andre utan samtykke frå Låntakar. Samtykke til slik overføring skal gjevast når ein forholdsmessig del av lånet vert overført saman med aksjar som vert selt av Långjevar med samtykke frå styret i selskapet.

Denne låneavtalen er skriven i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Måløy, den 15. juni 2010

Låntakar:

A blue ink signature of the name "Jan Dølches".

Opplæringsfartøyet as

Leikanger, den 15. Juni 2010

Långjevar:

A blue ink signature of the name "Jan Dølches".

Sogn og Fjordane fylkeskommune